Styremøte Hareid IL Trimgruppa 7.juni 2017

Styremøte Hareid IL Trimgruppa den 7. juni 2017 klokka 19:00 på møterommet, klubbhuset.

Tilstades: Lisbeth H. Longva, Gunn Bente Drevland, Andreas Moldskred, Roar Snipsøyr, Raymond Longva, Bernhard Harkjerr og Stein Myklebust**.** Forfall: Leiv Arne Grimstad.

Styreleiaren hadde kalla inn til møte og ynskte oss vel møtt. Han leia møtet.

1. Parkering i kommunen for friluftsliv.

Andreas har motteke brev frå ordføraren om forslag til parkering slik at ein kan sette frå seg bil på ein grei og forsvarleg måte på startpunket for turane.
Vi prioriterer såleis: Melshornet på Ulset, Kvitneset, Skafjellet og Hammarstøylen.

2. Status på Fjellorienteringa.

Vi kjøper inn 6 gåvekort til 500 kroner kvar. 3 på MX sport på Hareid og 3 på G-Sport i Ulsteinvik. Vi har solgt nesten 490 kart til no, Gunn Bente har 110 extra.

3. Gudsteneste på Alskleiva.

Denne vert mest truleg arrangert den 27. august. Bernhard sender sms når det vert gitt beskjed frå Prestekontoret. Vi må vere minimum to stykker. Gunn Bente og Bernhard har til saman 10 gevinster.

4. Eventuelt.

a. Vi vil gjerne bruke midler til ein klivrevegg på Hareid. Aller helst i den nye hallen om det kan teiknast inn der. Bernhard tek dette opp med Vegard Gjerde, leiaren i HIL.

b. Andreas har fått forespurnad frå personer som gjerne vil hjelpe til i trimgruppa. Vi treng hjelp til arrangementa i haust, Alskleiva og Styrkeprøva. I tillegg klipping av ræser, saging og til ein eventuell klivrevegg.

c. Andreas tok opp igjen saka om skilting i år, som i 2016; 10 - 13 nye skilt. Vi sette ei kostnadsramme på 12.000 kroner. Andreas har ei skisse til plan, og vi støtter oss til sak 1, bruker denne som holdepunkt.

Neste møte i HIL Trimgruppa, september 2017, kl. 19:00. Dato kjem seinare.

Bernhard Harkjerr
Leiar